



Bergen kommune
V/Politisk leiing
Ved byrådsleder Harald Schjelderup
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 15.02.2018
Vår ref.: 2017/2682-69
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Sjukeheimspllassar og ventelister i Bergen kommune

Elderådet i Bergen ved leiar Inger Johanne Knudsen, har sendt Fylkeseldrerådet i Hordaland eit brev med overskrifta "Ansvarsfraskrivelse i edreomsorgen" der det blir uttrykt vonbrot over manglande interesse frå politikarane i Bergen og politisk leiing for situasjonen med at kommunen har lange ventelister for plass i sjukeheim. I brevet til Fylkeseldrerådet kjem det fram at Elderådet i Bergen har bedt om svar på spørsmål dei har stilt om mangelen på sjukeheimspllassar og lange ventelister, men utan å få svar. (Sjå vedlagt kopi av brevet.)

Brevet frå Elderådet i Bergen blei handsama i Fylkeseldrerådet sitt møte 11.01.2018 under sak PS9, ymse.

Bergen kommune har over halvparten av innbyggjarane i Hordaland fylke. Innhaldet i brevet har gjort Fylkeseldrerådet i Hordaland bekymra for situasjonen for eldre i Bergen som ønskjer plass på sjukeheim, men må stå på venting i lang tid før dei får plass.

Fylkeseldrerådet i Hordaland ber om kommentar til brevet vi har mottatt frå Elderådet i Bergen.

Med venleg helsing
For fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
Fungerande leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Kopi av brev frå Elderådet i Bergen